

# RAPPORT

## Lom nasjonalparklandsby 2016




Foto: Live Andrea Sulheim

Levert 1. desember 2016

Utarbeida av Åshild Myhre Amundsen

## Tiltaksplan 2016:

<b>Budsjett:</b>	
	<b>VSP-2016</b>
1.Utvikling av ny kartløysing	kr 25 000
2. Digitalisering av turrutar	kr 15 000
3. Opprusting av Labyrinthuset	kr 5 000
4. Kompetanseheving digital marknadsføring	kr 15 000
5. Arrangement jul	kr 10 000
6. Opprusting av kulturstig	kr 65 000
7. Vidareutvikling av turstignettet	kr 0
8. Utskifting av små temaskilt, Bergomsrunda	kr 30 000
9. Diverse	kr 5 000
<b>Totalt</b>	<b>kr 170 000</b>

I tillegg har desse tiltaka vorte vidareført med tiltaksmidlar frå 2015:

Tiltaksmidlar frå 2015	<b>VSP-2015</b>
Video frå nasjonalparklandsbyen	kr 50 000
Fotografering	kr 20 000

Alle tiltaka har starta opp, men fleire av tiltaka må gjennomførast i 2017. Rapporten vil ta for seg kvart enkelt tiltak med ei kort statusoppdatering.

## 1. Utvikling av ny kartløysing

Status: Det har vorte gjennomført møter saman med destinasjonsselskapet Visit Jotunheimen og TurApp (no Outt), i tillegg har det vore dialog med nasjonalparkstyret i Jotunheimen og Visit Sognefjord. Dessverre har det vore finansielle og organisatoriske utfordringar knytt til denne løysinga som gjer at ein ikkje har landa på ei løysing her enda.

Økonomi: Tilskotet på kr. 25 000 er ikkje brukt enda, men desse midlane vil kome godt med så sant ein blir einig om ei løysing. Digitaliseringsprosessen (sjå tiltak nr. 2) har tatt meir tid enn planlagt, så det er vil uansett vere nødvendig å omdisponere nokre av midlane dit.

Outt har elles kome med eit tilbod til nasjonalparkkommunane / landsbyane, på kr. 15 000 i startskostnad og kr. 2500 pr. månad i drift (med mogleg rabatt på 20-40%).

## 2. Digitalisering av turrutar

Status: Omar Lien har vorte leigd inn som ekstern konsulent, da ein raskt såg at jobben var tidskrevjande. Føremålet med tiltaket var å gå gjennom og kvalitetssikre alle GPS-spora frå turstignettet i Lom, slik at alt kan gjerast tilgjengeleg på ein eller fleire digitale plattformer (t.d. Outt, ut.no, lommekjent etc.). Dette blir gjort ved å bruke flyfoto og laserfoto i lag med GPS-spor for å sikre at informasjonen blir så korrekt som mogleg. Ambisjonen er å bli ferdig i løpet av året med å kvalitetssikre kartet, men at ein må bruke deler av 2017 på å få inn tekst / bilder.

Økonomi: Pr. 1.12.2016 har det vorte brukt 30 timer av innleidd konsulent, omkring kr. 10 500 eks. mva. Det er estimert at ein vil bruke ytterlegare 30 timer for å slutføre sjolve kvalitetssikringa, altså rundt totalt kr. 20 000 – 25 000. Det var budsjettet med kr. 15 000, så her kan det bli naudsynt å omdisponere deler av tilskotet frå tiltak nr. 1.

Tiltaket er ikkje fakturert enda. Både idrettslag, landsbyvakt og lokalt næringsliv har elles bidrege på dugnad med å gå opp alle stigane med GPS, samt produsere tekst (for skildring av fotturane).

## 3. Opprusting av Labyrinthet

Status: Her er det bestilt opprusting hos Nils Teigen og utforming av eit nytt skilt frå Løwehjerte Design. Huset vart lakka på nytt i 2016, men det står att ei runde med beising og montering av skilt. Dette vil bli gjennomført våren 2017.

Økonomi: Tiltaket er ikkje fakturert enda, men vil m.a. bli gjennomført etter planen / budsjett.



Foto: Døme frå Skjåk, som har tatt i bruk Outt

#### 4. Kompetanseheving digital marknadsføring

Status: I samarbeid med destinasjonsselskapet Visit Jotunheimen har det vorte gjennomført eit kurs i digital marknadsføring som gjekk over tre kveldar. Kurset vart gjennomført i november, og var fullt med i underkant av 30 deltakarar. DMT Avdal har vore leigd inn som foredragshaldar, med nasjonalparklandsbyen som teknisk arrangør. Kvar deltakar betalte deltakaravgift på kr. 500. Det har vorte gjennomført ei evaluering i etterkant av kurset. Dei attendemeldingane vi har fått har vore særst gode, og dei fleste har signalisert at dei er interesserte i fleire kurs.



Foto: Fyrste kurskveld

Økonomi: Kurset vart dyrare å arrangere enn budsjettert, men pga. deltakaravgift har ein lykkast med å gå omtrent i balanse. Tilskotet på kr. 15 000 blir brukt som budsjettert, dette er fakturert.

#### 5. Arrangement jul:

Status: I samarbeid med handelsstanden / Visit Jotunheimen er nasjonalparklandsbyen medarrangør for handelshelga 2.-4. desember. Her er det fleire ting som skjer, m.a. julemarknad i Presthaugen på laurdagen og utandørs moteshow i sentrum på sundagen. Begge arrangementa hadde bra med besøk (100+).

Nasjonalparklandsbyen har også bidrege til ei ljøssetting av torgarealet i Lom, for å skape ei finare juleatmosfære både denne jula og framover.



Foto: Populært å få besøk av Rudolf og nissen



Foto: Annonse for handelshelga i Lom

Økonomi: Tiltaket vil bli gjennomført som budsjettert med kr. 10 000, kanskje litt i overkant. Rundt kr. 8000-9000 er fakturert, det står att ein faktura på kr. 2000. Store deler av handelsstanden har også bidrege med midlar eller dugnadsinnsats.

## 6. Opprusting av kulturstig

Status: Det har tatt litt tid å finne ei optimal arbeidsgruppe for dette arbeidet, men etter litt sondering har ein sett ned ei arbeidsgruppe med gode ressurspersonar som Reidar Marstein (lokal kjentmann), Thea Dalen (Gudbrandsdalsmusea), Hallgeir Garmo (Lom og Skjåk IL), Ola Rossehaug (informasjonsansvarleg i Lom kommune og pedagog) og Åshild M. Amundsen (landsbykoordinator).

Det har vorte gjennomført tre synfaringar, derav ei synfaring med heile arbeidsgruppa. Deretter har det vorte gjennomført to arbeidsmøter, og ein har kome eit stykke på veg med tekstarbeidet. Det er naudsynt å bruke 2017 for å ferdigstille tiltaket.

Foto: Bilde frå synfaringa til Soleggen



Foto: Tydeleg behov for oppgradering



Økonomi: Ingenting er fakturert enda, da alt arbeidet så langt har vore eigeninnsats / dugnad. Basert på tidlegare erfaringstal vil det vere behov for budsjettet på kr. 65 000, og vel så det. Dette skal dekke mellom 15-20 nye skilt, inklusiv trykking, montering og merking, samt eventuelt kjøp av bilder, oversetting til engelsk, kostnader knytt til arbeidsgruppa m.m. Det kan derfor bli aktuelt å søkje om nye midlar i 2017 for å få på plass ein eller to benker langs ruta.

## 7. Vidareutvikling av turstignettet:

Status: Landsbyvakt Egil Olav Nyrnes har gjort ein grundig jobb med å lage nye skiltplaner og merka opp att turstignettet i Lom. Status pr. 1 desember 2016 er:

- Alle skilta opp til Tronoberget / Geitupphøe har vorte bytta ut
- Alle skilta til Læshø er ferdig trykt,  $\frac{3}{4}$  er ferdigmerka.
- Skiltplanen til Lomseggen er ferdig, men ikkje sett opp
- Det er kjøpt inn 8 turbokskasser til alle turstigane

Økonomi: Dette blir dekt med dugnadsinnsats, egne midlar og Turskiltprosjektet, så dette tiltaket har ikkje direkte innverknad på midlane som er løyvd frå Klima- og Miljødepartementet. Tiltaka heng likevel tett i hop. Så langt er det fakturert kr. 56 000 (sjå oversikta på siste sida).



Foto: Ny turkasse på plass

## 8. Utsifting av små temaskilt, Bergomsrunda

Status: Det har vore ein prosess gjennom heile året med å finne ein god layout i tråd med den nye merkevarestrategien. Sidan Lom / Jotunheimen er ein pilot er dette eit arbeid som tek tid, og ein er framleis ikkje i mål enda.

Økonomi: Løweherte Design er innleidd som ekstern konsulent og har så langt brukt timer på å lage ulike utkast. Dette er ikkje fakturert enda.

## 9. Video frå nasjonalparklandsbyen

Status: Det er inngått kontrakt med Ola Rossehaug og Ove Nestvold som skal ta timelapse / videoar frå Lom nasjonalparklandsby i eit år (sumaren 2016 til sumaren 2017). Tiltaket blir gjennomført som planlagt.

Økonomi: Avtalen er på det budsjetterte beløpet på kr. 50 000, men er ikkje fakturert enda.

## 10. Bilder frå nasjonalparklandsbyen:

Status: Det er inngått kontrakt med Live Andrea Sulheim, som skal ta bilder frå Lom nasjonalparklandsby i eit år (sumaren 2016 til sumaren 2017). Tiltaket blir gjennomført som planlagt.

Økonomi: Avtalen er på det budsjetterte beløpet på kr. 20 000, men er ikkje fakturert enda.

# Implementering av ny merkevare – Pilot Jotunheimen / Lom:

Budsjett:	Pilot-midler
Vegskilt	kr 30 000
Informasjonspunkt medium	kr 120 000
Vegghengskilt	kr 10 000
Fotturar i Lom	kr 20 000
Klistremerker	kr 2 000
<b>Totalt</b>	<b>kr 182 000</b>

## 1. Vegskilt

Status: Det vart søkt Statens Vegvesen om å få bytte ut eksisterande vegskilt i dei tre innfallsportane til sentrum. To av tre skilt er bytta ut. Det siste skiltet må vente til Statens Vegvesen har fått gjennomført gang- og sykkelveg som kjem i konflikt med eksisterande plassering.

Økonomi: Ikkje fakturert enda. Sannsynlegvis blir det noko dyrare enn budsjettet, men vi hatt sett opp kr. 5000 til diverse som kan overførast hit.



Foto: Nytt skilt i innfallsporten til Lom

## 2. Informasjonsskilt medium

Status: Som nemnt tidlegare så har prosessen med å finne ein passende layout tatt ein del tid, og vi er framleis ikkje i mål. Dette er ein del av utfordringa med å vere pilot, sidan vi må tilpasse eksisterande informasjonsmateriell til ein heilt ny mal. Vi er også avhengig av at Live Andrea Sulheim får tatt bilder som vi kan bruke (og ho har kontrakt frå sumar 2016 til sumar 2017). Det er derfor ikkje realistisk å bli ferdig med dette før i 2017.

På bildet på høgre ligg eit førebels utkast.

Økonomi: Det meste har vore eigeninnsats så langt, i tillegg har Løwehjerte Design brukt timer på å utarbeide layout. Mesteparten av kostanden blir fakturert i 2017.

## 3. Vegghengskilt:

Status: Ikkje avgjort om ein skal ha vegghengskilt eller ikkje.




Foto: Utkast til stor tavle

## 4. Fotturar i Lom:

Status: Det vart tidleg klart at det ikkje ville vere realistisk å få klar ei ny fotturbrosjyre før turistsesongen i 2017.

Derfor vart det bestilt opp att nye brosjyrar to gonger i løpet av sumaren. Parallelt vart det jobba med ny layout, men også her var ein avhengig av bildemateriell / aksept frå Miljødirektoratet. Sjå utkast =>

Tiltaket vil derfor ikkje bli ferdigstilt før i 2017.

Økonomi: Det meste har vore eigeninnsats så langt, i tillegg har Løwehjerte Design brukt timer på å utarbeide layout. Mesteparten av kostanden blir fakturert i 2017.

## 5. Klistremerker:

Status: Mindre aktuelt når det vart bestemt at ein skulle bytte ut alle skilta.



Foto: Utkast til ny layout

# Oppsummering økonomi:

Dette er fakturerte kostnader pr. 1 desember 2016:

## Landsbyrådet (kommunal egeninnsats):

	Regnskap 2016
43011 LANDSBYRÅDET	
LØN I FASTE STILLINGAR	70
PENSJONSPREMIE KLP	11
ULYKKES- OG GRUPPELIVSFORSIKRING	0
ARBEIDSGJEVARAVGIFT	5
KONFERANSER	2
KJØP AV TENESTER FRÅ PRIVATE	13
MVA-AVG.PL.ANSKAFFELSER-DRIFT	7
OVERFØRING TIL PRIVATE	14
Sum utgifter	123
KOMP. MVA ANSKAFFELSER DRIFT	-7
Sum inntekter	-7
Sum prosjekt: 43011 LANDSBYRÅDET	116
TOTALT	116

## Turmerking:

	Regnskap 2016
40524 TURMERKING LOM KOMMUNE	
KJØP AV TENESTER FRÅ SKJÅK KOMMUNE	2
KJØP AV TENESTER FRÅ PRIVATE	54
MVA-AVG.PL.ANSKAFFELSER-DRIFT	14
Sum utgifter	70
KOMP. MVA ANSKAFFELSER DRIFT	-14
Sum inntekter	-14
Sum prosjekt: 40524 TURMERKING LOM KOMMUNE	56
TOTALT	56

**Tiltak i tråd med tiltaksplanen :**

	2016
45016 VSP-TILTAK 2016	
KOMMUNAL SERVERING	0
INFORMASJON	35
KJØP AV TENESTER FRÅ PRIVATE	1
MVA-AVG.PL.ANSKAFFELSER-DRIFT	9
OVERFØRING TIL PRIVATE	20
Sum utgifter	65
KOMP. MVA ANSKAFFELSER DRIFT	-9
STATLEGE OVERFØRINGAR	-352
Sum inntekter	-361
Sum prosjekt: 45016 VSP-TILTAK 2016	-296
TOTALT	-296


**Oppsummering:**

Eigeninnsats frå Landsbyrådet, arbeidsgruppa for kulturstig Soleggen og landsbyvakta kjem i tillegg. Det gjer også ei utbetaling på kr. 25 000 til landsbyvakta, som ikkje er registrert i økonomisystemet enda.

Samla sett står det framleis att arbeid på fleire tiltak, noko den økonomiske oversikta ber preg av. Mykje av arbeidet som er gjort i 2016 legg grunnlaget for ein faktisk bruk av midlane i 2017.

Lom kommune ynskjer å takke for all støtte i 2016 og håper på eit fortsatt godt samarbeid i tida framover!

Underskrift:

  
Åshild M. Amundsen (landsbykoordinator)

  
Anne Silje Berg (leiar i Landsbyrådet)